

Institutt for fruktdyrking

Norges landbrukshøgskole

Stensiltrykk nr. 26

INDUSTRIELLE PRODUKT AV FRUKT OG BÆR

Av

Bjarne Ljones

LANDBRUKSBOKHANDELEN

ISBN 82-557-0108-7

1432 ÅS-NLH

1981

**Institutt for fruktdyrking  
Norges landbrukskole**

**Stensiltrykk nr. 26**

**INDUSTRIELLE PRODUKT AV FRUKT OG BÆR**

**Av**

**Bjarne Ljones**

**LANDBRUKSBOKHANDELEN  
ISBN 82-557-0108-7  
1432 ÅS-NLH  
1981**

Fruktdyrking II  
Emne J

INDUSTRIELLE PRODUKT AV FRUKT OG BÆR

Industrielle produkt av vegetabiliske råstoff er som regel konserverte, d.v.s. dei er framstilte slik at dei kan lagrast under visse vilkår i vesentleg lengre tid enn råvara. All matvarekonservering er basert på å hindre mikroorganismar i å øydelegge produktet. Avdi mikroorganismene ikkje toler temperaturar som er svært høge eller svært låge, er det to konserveringsmåtar som er særleg viktige og vanlege. Den eine er oppvarming som ved hermetisering av frukt og bær og ved pasteurisering av saft. Den andre metoden er frysing med etterfylgjande frysela gring. Frysing er delvis brukt som ein førebels konserveringsmåte i industrien, og delvis som ein sjølvstendig framstillingsmåte for spesielle produkt.

Andre konserveringsmåtar tar sikte på å redusere vassinhaldet i produktet, slik at det ikkje blir vilkår for skadelege organismer eller for andre uheldige biologiske prosessar.

Fleire industrielle fruktprodukt er framstilte ved at råvara er dehydrert (tørka) slik at vassinhaldet er sterkt redusert. Ein kombinasjon av frysing og dehydrering er frysetørking som kan bli ein aktuell metode for somme bærslag. Høgt sukkerinnhold i produktet reduserer også det tilgjengelege vassinhaldet slik at mikroorganismene ikkje kan utvikle seg. Same verknad har salting som kan brukast som konserveringsmåte for somme vegetabiliske matvarer, men ikkje for frukt og bær.

Høgt syreinnhold reduserer og faren for mikrobiologisk aktivitet, og det blir vurdert som ein fordel at friske frukter og bær har lågare pH enn mange andre matvarer.

Så finst det eit stort tal kjemiske emne som kan brukast under framstillingsprosessen for å hindre infeksjon, og det er andre kjemikal som kan tilsetjast slik at produktet ikkje skal bli påverka av mikroorganismar.

Elles blir det stadig utvikla nye metodar som har som siktet mål å konserve matvarer. Ein relativt ny metode er å utsette produktet for ymse former for stråling. Radioaktiv stråling er prøvd ved konservering av frukt og bær, men metoden har

ikkje fått stor utbreiing. Alle konserveringsmåtar som skal brukast i praksis, må i tillegg også inaktivere slike ensym som kan endre kvalitetseigenskapar i produktet.

Det er to grupper av mikroorganismer som skal motverkast ved konserveringa. Den eine gruppa er slike som fører til øydelegging av maten, og den andre er slike som fører til forgifting. Hermetisk frukt kan bli øydelagt av mikroorganismer dersom slike organismer har overlevd oppvarminga eller kome inn i pakkningen gjennom luftlekkasjer. Den sistnemnde årsaka er sjeldan. Dei organismene som stundom kan overleve oppvarminga, er slike som kan danne hardføre sporer med stor varmeresistens. Dette er oftast aerobe organismer, og dei har små utviklingmogelegheiter i den tette og forsegla emballasjen som blir brukt for hermetisk frukt. Det er ikkje nok oksygen der til at sporene kan utvikle seg før emballasjen er opna.

Framstilling av industrielle fruktprodukt er for det første å finne fram til eit produkt som det er eller kan bli marked for, dernest å finne metodar for å gjera dette produktet haldbart, d.v.s. å konservere det, og vidare å sikre tilgangen på høvelege råvarer. Nokre viktige fruktprodukt og framstillinga av dei skal bli omtala i det fylgjande.

#### Hermetisk frukt

Prinsipp for hermetisering. Mange av dei industrielle produkta som nå er i bruk, var kjende i lang tid tilbake, andre er komne som ein fylgje av tekniske framsteg i nyare tid. Hermetisering d.v.s. oppvarming av matvarer i forsegla emballasje var omtala av Nicholas Appert i Frankrike i 1909 etter langvarig granskingsarbeid. Appert fylte flasker eller glas med ferdig-laga matvarer, sette kork eller lokk lauseleg på og plasserte dei i varmt vatn. Deretter vart kork eller lokk gjort tett.

Om lag på same tid kom liknande metodar i bruk i England (Peter Durand) og i Tyskland (Augustus de Heine). I 1811 kom boksar av metall i bruk som emballasje for hermetikk, først i England og deretter (1812) i USA. Boksane er <sup>av</sup> fortinna stål-blikk, spesielt lakkerte når dei skal brukast for syrerike produkt som frukt og bær. Det engelske ordet can for slike boksar

vart opphavet til omgrepene canning som vi ikkje har noko heilt tilsvarande norsk ord for.

Hermetiseringa, som vi kallar prosessen, er også kalla thermal processing fordi oppvarminga er ein viktig del. Fra først av var oppfatninga at konserveringseffekten låg i at oksygen vart fjerna fra produktet under oppvarminga. Det var Pasteur som påviste at det er sopp og bakteriar som er årsak til at matvarer blir øydelagde. Ved temperatur ca.  $77^{\circ}\text{C}$  blir det aktive stadiet av slike organismer øydelagt, men somme bakteriar dannar sporestadier som er meir varmeresistente. Fruktprodukt med høgt syreinhald, f.eks. med pH lågare enn 3,7 er lite utsett for bakteriar, men gjærsoppar og muggsoppar kan utvikle seg der. Slike produkt kan bli steriliserte ved  $100^{\circ}\text{C}$  eller lågare.

Mange sporedannande bakteriar, mellom anna slike som utviklar toksiske stoff, f.eks. *Clostridium botulinum* veks ikkje ved pH under 4,5, men andre kan trivast heilt ned til pH 3,8, f.eks. *Bacillus coagulans*, *Clostridium butyricum* og *Lactobacillus leuconostoc*. Slike mikroorganismer kan derfor skade mindre sure frukter, dessutan tomatprodukt. Derved stig kravet til oppvarming slik at det trengst lenger tid ved  $100^{\circ}\text{C}$ . Alle produkt med pH over 4,5 må oppvarmast til  $116-127^{\circ}\text{C}$  så lenge at sporene av *Clostridium botulinum* blir øydelagde. Det er vanleg å skille mellom varmesterilisering når temperaturen er over  $100^{\circ}\text{C}$  og pasteurisering når temperaturen er under  $100^{\circ}\text{C}$ . Det vanlege temperaturområdet ved varmesterilisering er  $115-120^{\circ}\text{C}$  og ved pasteurisering  $70-90^{\circ}\text{C}$ .

Når matvarene inneholdt bakteriar som ikkje utviklar toksiske stoff, kan dei bli skjemde dersom boksana (glas) blir lagra ved temperaturar over  $38^{\circ}\text{C}$ . Eit antibiotikum, nisin kan brukast for å auke lagringsevna, varmetoleransen, i hermetisk frukt.

Organismane har ein nedervd sannsynlegheitsgrad for overleving og di høgare denne graden er di større er varmeresisten- sen. Dersom sporene blir oppvarma til ein konstant temperatur, dør dei ut med ein konstant rate pr. tidseining. Dette blir uttrykt med logaritmen til tal overlevande pr. tidseining,

som dermed blir eit eksponentielt uttrykk for sannsynlegheitsgraden for sporedød. Dette kan framstilla grafisk, og stigningsraten blir kalla D-verdien. I praksis blir dette nytta slik at når eit visst tal boksar er steriliserte, vil mikroorganismene i dei bli drepne etter kvart, og raskare di høgare temperaturen er. Etter ei viss tid er innhaldet i somme av boksane sterilt, medan andre innehold ein eller to organismer. Etter som prosessen held fram, vil talet på infiserte boksar stadig avta. Derfor er sterilitet i hermetikk best definert som tal sterile boksar i ein større slump eller som prosent av total. Varmeoverföringa inni boksen er ulik fra produkt til produkt. Dei som har låg viskositet, f.eks. saft eller frukt og bær i sukkerlake, blir raskt oppvarma ved varmeutveksling, medan mange andre produkt stort sett blir oppvarma ved varmeleiing. På grunn av ulikskapane i varmegangen inne i produkt som skal hermetiserast, er det nødvendig med spesielle undersökelsar av kvart nytt produkt for å finne den minste oppvarmingstid som er nødvendig. Særlig i produkt der oppvarminga går tregt, må temperaturen kontrollerast inni pakningen, ofte ved hjelp av termoelement og automatisk registrering av temperaturendringane gjennom tid.

Det er ikkje *Clostridium botulinum* som er brukt ved granskningar og utrekningar av steriliseringseffektar og varmeresistens, men arta *C. sporogenes*. Sporene av denne arta blir drepne på nokre sekund ved  $130^{\circ}\text{C}$ , men ved  $100^{\circ}\text{C}$  tar det 6-7 timer. Sporedrapskurvene for denne arta blir bestemt ved oppvarming av prøver med kjende sporesuspensionar. Prøvene blir oppvarma til temperaturar mellom  $100^{\circ}\text{C}$  og  $130^{\circ}\text{C}$  og kontrollert for overlevande bakteriar med f.eks. 1 minutts mellomrom. Med logaritmen til tal overlevande sporer som abscisse og varmebehandlingstida i minuttt som ordinat får vi ei regresjonslinje som viser tidsbehovet. Dersom utgangsmaterialet er 10.000 sporer pr. ml suspasjon og temperaturen  $121^{\circ}\text{C}$ , vil abscissen få tala (log) 4 for 10.000, 3 for 1000, 2 for 100 og 1 for 10 og ordinaten får 0-1-2-3-4-5 minuttt. Linja gjennom dette datasettet viser at med ei varmebehandlingstid på 4 min. ved  $121^{\circ}\text{C}$ , er det 1 overlevande spore pr. ml. Var temperaturen  $111^{\circ}\text{C}$ , ville det etter 4 min. vera 6.400 sporer att.

Varmeoverføringa inn i boksen er ulik fra produkt til produkt. Dei som har låg viskositet, f.eks. saft, eller bær i sukkerlake, blir raskt oppvarma ved varmeutveksling medan mange andre produkt stort sett blir oppvarma ved varmeleiing. På grunn av ulikskapane i varmegjennomgangen er det nødvendig med særlege undersøkelsar av kvart nytt produkt for å finne den minste oppvarmingstid som er nødvendig. Temperaturmålingane i midten av boksen blir gjort ved at termoelement blir plassert i produktet før oppvarminga tar til.

Det er elles mange moment som må takast med ved vurdering av tid og temperatur ved sterilisering av hermetikk. Fyllingsgrad i boksen, tørrstoffinhald og viskositet, lakemengd, storleik og form på emballasjen, temperaturstigningen i autoklaven, sirkulasjonen i autoklavvatnet og temperaturen i kjølevatnet er alt saman slikt som kan ha innverknad på nødvendig oppvarmingstid ved ein fastsett temperatur i produktet.

#### Forbehandling av råvara

Vasking. Det er tre framgangsmåtar for vasking av frukt og bær før produktframstillinga, og alle metodane krev mykje reint vatn. a) frukta kan tømmast i vassbeholdarar slik at lause partiklar blir skylla av. b) i tillegg kan risting eller røring brukast, f.eks. i roterande vaskemaskiner. c) reint vatn kan spylast på gjennom dyser, og dette er rekna for den mest effektive framgangsmåten.

Skrelling. I fabrikkane var handskrelling av frukt vanleg langt inn i det 20. århundre. Nå blir skrellinga gjort med spesielle maskiner. For somme kultivarar av fersken blir likevel skinnnet teke av med hand etter at fruktene er kløyvd og dampa slik at skinnet er lett å fjerne. Skrelling med lutopplysingar, oftast natriumhydroksyd, er brukt for fleire vegetabiliske matvarer, f.eks. poteter, gulrot, fersken og aprikos. Etterpå må fruktene vaskast reine slik at både lut og skalrestar blir fjerna.

Etter kvart er det konstruert maskiner for mekanisk skrelling av mange vegetabiliske råvarer der skalet må fjernast. For eple finst det maskiner som skreller, tar ut kjernehuset

og deler eplet f.eks. i skiver eller kuber. Slike prosessmaskiner er ofte spesialkonstruerte og bygde for ein einskild fabrikk.

Blansjering (forvelling) er oppvarming i vatn eller damp, oftaast for å fjerne gassar. Blansjering er nødvendig ved hermetisering av dei fleste grønnsaker, men sjeldan for frukt- og bærprodukt. Andre viktige skilnader mellom frukt og grønnsaker er at grønnsakene stort sett treng meir omhyggeleg vasking og anna forbehandling når dei skal hermetiserast. Dessutan blir grønnsakene ofte hermetisert i lake med salt og/eller eddik, medan fruktprodukta blir lagd i sukkerlake.

Hermetiske pører kan stundom få ein raudleg fargetone i fruktkjøtet, særleg innved kjernehuset. I fruktkjøtet finst det fargelause leukoantocyaninar som på grunn av oppvarminga går over til raude antocyaninar. Desse fargelause leukoantocyaninane kan fjernast ved blansjering.

Viktigare er likevel den ensymatiske brunfarginga som skjer i fleire fruktarter, særleg eple og pære, men også banan, fersken og aprikos. Andre fruktarter kan bli brune dersom dei blir skadde under framstillinga, dette gjeld plomme, jordbær og drue. Men dei fleste bærartene, og ananas og melon blir ikkje brune utan når produktframstillinga tar ekstra lang tid.

Brunfarginga er ofte oksydasjonar som skriv seg fra ensymet polyfenoloksidase når dette har rikeleg oksygentilgang og aksjonerar på eit høveleg fenolsubstrat. Alle tre faktorane må vera til stades, og brunfarging kan motverkast om ein eller to faktorar kan inaktiverast. Ved blansjering blir ensymet øydelagd. Kjemiske emne kan også hindre brunfarginga, svoveldicksyd, syrer som senkar pH, askorbinsyre og ei lang rekke andre kjemiske emne som er utprøvd og førd i handelen for dette føremålet. Det er stor skilnad mellom fruktsortane i denne eigenskapen, og for industrien er det eit mål å få eplesortar som er motstandsdyktige mot denne skaden.

Blansjering (forvelling) under vakuum er brukt for somme fruktprodukt, da blir lufta raskt fjerna. Det vanlege er blansjering i vatn ved temperatur  $85-100^{\circ}\text{C}$  i 1 til 5 minutt.

Fylling. Etter blansjering blir så produktet fylt i emballasjen. I Norge har boksar på ca. 1 liter vore den mest vanlege emballasjen for hermetiske produkt. Boksane er helst såkalla sarieboksar der lokket blir falsa på under prosessen. Dei er standardiserte og finst i storleikar fra 1/8 liter til 10 liter. For frukt og bær krevst at boksane er innvendig lakkerte med syrefast lakk.

Mange vareslag blir også pakka og hermetisert på glas. Fruktprodukt med mykje antocyaninar tører sterkest både på innvendig lakk og på fortinninga i boksen. Det er ein aukande tendens til å bruke glas for frukt- og bærprodukt.

Mange fruktprodukt blir pakka i sukkerlake. Den blir fylt på varm ved ca. 80° C eller meir, dermed blir det enklare å sterilisere og å fjerne luft. Etter fylling av pakningen blir produktet "exhausta" eller "evakuert", d.v.s. sett under vakuum for at lufta skal gå ut. Er det luft til stades i boksane, blir dei korroderte, og produkta blir skjemde. Evakueringa skjer ved høg temperatur i autoklav, og når det så blir sett på lokk på emballasjen, blir det eit lite undertrykk i pakningen når den blir avkjøld. Denne metoden med vatn lar seg vanskeleg praktisere i moderne prosesslinjer, der boksane må gå med stor fart fra trinn til trinn. Nå blir det brukt dampinjeksjon i dei same maskinene som lukkar og forseglar boksen.

Når lokket er sett på og falsa, blir pakningen sterilisert, deretter avkjøld i vatn til 40° C.

I Norge er det avtakande industriell produksjon av hermetisk frukt og bær på boks eller glas. Produkt som har vore framstilt slik, er først og fremst plommer og halverte pærer. Andre produkt er epleskiver, kirsebær, bringebær, molter, eplesaft og mange andre slag saft og juice som har vore produsert på boks. Eit produkt som det stadig blir prøvd med, er hermetisk eplemos (apple sauce).

### Fryste frukt- og bærprodukt

Konservering ved frysing bygger på to føresetnader, nemleg at sopp og bakteriar ikkje kan veksa ved temperaturar som er lågare enn deira frysepunkt, og at den låge temperaturen reduserer dei biokjemiske nedbrytingane så sterkt at produktet kan lagrast ei rimeleg tid etter nedfrysing. Matvarer kan ikkje bli sterile ved frysing. Mange mikroorganismer er meir resistente mot kulde enn mot varme, og frysinga har berre som oppgave å redusere eller bremse aktiviteten hos mikroorganismene. Derfor må varer som skal frysast, gjerast særleg godt reine slik at populasjonen av mikroorganismer er minst mogeleg. Somme organismer kan vekse ved temperaturar heilt ned til  $-10^{\circ}$  C, og lagringstemperaturen må vera lågare enn dette. Men  $-18^{\circ}$  C er etter forsøka å døme tilstrekkeleg låg temperatur.

Under opptininga når temperaturen stig, kan også mikroorganismene utvikle seg og vera årsak til endringar i smak, lukt og utsjånad.

Frukt- og bærprodukt som skal pakkast i forbrukspakningar, frysast og fryselagrast i industriell målestokk før distribusjon og gjennom "frysekjeder" eller til detaljhandel med utstyr for omsetnad av slike varer, må først gjennom ein fastsett framstillingsprosess. Det vil seie at vasking, sortering, blansjering og oppdeling må gjennomførast her som ved hermetisering. Men pakningane er av andre typer, ofte kartongar eller jamvel plastposar som ikkje er lufttette, og evakuering er ikkje brukt.

Frysekonserveringa går i tre trinn, først nedkjøling til frysetemperatur, så fjerning av den latente varmen i produktet, og sist kjøling av det frosne produktet til lagringstemperatur.

Under frysinga blir ein del vatn frigjort og fjerna som is, og oppløysingane inne i cellene blir meir konsentrerte. Derved endrar det osmotiske trykket seg også, stundom nok til at celleveggene kan breste. Det hender oftare ved langsam nedfrysing enn når frysinga går snøgt, d.v.s. når isfronten går fram 0,2-0,5 cm pr. time. Langsam nedfrysing gjev store iskrystallar inne i cellene som ved opptining fører til gjennombrot i celleveggene.

Det mest karakteristiske skadefiletet av frysing er væska

som dannar seg under tining (avdryppingstapet). Særleg raske metodar for nedfrysing, f.eks. bruk av flytande nitrogen medfører lite avdryppingstap.

Teknisk kan sjølve nedfrysinga gå på følgjande måtar:

1. Ved indirekte kontakt mellom fryseelement og matvarer
  - a. Kallduftfrysar i tunnel
  - b. Singelfrysing på belte
  - c. Platefrysar
2. Direkte kontakt mellom fryseelement og matvarer, pakka eller åpent
  - a. Flytande nitrogen
  - b. Flytande hydrokarbonar
  - c. Karbondioksyd

Frysemetode og nedfrysingsutstyr blir tilpassa det produktet som skal frysast. I frysetunnelen blir kallduft på  $-18^{\circ}\text{C}$  -  $-35^{\circ}\text{C}$  førd av vifter over varene oftast i ein tunnel, men også i spesielle fryserom. Varene kan vera i rørsle på belte der luftstraum og belte går kvar sin veg. Ei nyare utvikling av frysetunnelen brukar eit vertikalt spiralbelte som fører varene gjennom kald luft. Slike anlegg krev mindre golvplass enn horisontale tunnelanlegg. Singelfrysing på belte er brukt for mange produkt f.eks. jordbær. Dersom varene kjem fra eit vassbad, får dei ein tynn film av vatn som frys til is. Dette isolert gjer at bæra lett kan setjast i rørsle, og førast over perforerte plater der dei blir utsett for kald luft og frys.

Kalldufta kjem fra fryseelement som blir nedkjølte anten med Freon eller med flytande ammoniakk.

Fluidiseringsfrysing er det som hender når partiklar av om lag same form og storleik blir utsette for oppgåande luftstraum med frysetemperatur. Ved ei viss lufthastigheit kan partiklane haldast oppe av luftstraumen, dei "flyt". Og kvar einskild partikkkel er uavhengig av dei andre. Dersom anlegget har innmatting i eine enden og uttak for pakking i den andre, vil f. eks. bær eller erter strøyme mest som ei væske. Og avdi luftstraumen pressar partiklane opp, kjem kvar av dei i nærbane med kald luft og blir påverka på alle sider. Det har vore stigande interesse for metoden, fordi utstyret krev liten golvplass og gjev einsarta innfrysing.

Andre tekniske uttrykk fra matvarefrysinga er brettfrysing, der bæra blir plassert i eit 3-4 cm tjukt lag på brett av perforert stålplate eller finmaska netting. Bretta blir plassert i flyttbare reolar som blir sett inn i frysetunnelar eller frysrom. Her blir bæra frosne til faste blokkar. Dei kan fryselagrast slik eller dei kan malast opp til partiklar av den ønskjelege storleiken og lagrast slik på enkel måte, f.eks. i sekker. Brettfrsing medfører risiko for spill av varer, men krev enkelt utstyr, lite investering, og utstyret kan brukast for mange vareslag. Bandfrsing er når kontinuerlege transportband fører produktet gjennom frysetunnelen. Tunnelen må gjerne vera 20-50 m lang. Bandet er av netting, 1-2 m breitt, og dette er ein plasskrevande metode som fører store kostnader med seg.

Platefrysarar er mykje brukt for varer som er pakka før frsing. Pakningane kan stå på ei plate med frysetemperatur eller mellom to slike plater.

Nedfrsinga kan gå som immersjonsfrsing, d.v.s. neddyppings eller overrisling f.eks. med kald saltlake (eller også i flytande nitrogen). Denne metoden er brukt litt for fisk, men ikkje mykje for frukt og bær, einast når varene er pakka i metallboksar. Dei fleste fryseanlegg for frukt går med kaldluft.

Om kjølevasker sjå stensiltrykk nr. 12, side 5-7.

Kryokonservering er brukt om frsing med flytande nitrogen. Det finst anlegg der frsinga skjer i nitrogenkjølte tunnelar. Også nitrogenkjølte transportbilar er brukt for fryste varer.

Det er arbeidd mykje med å finne dei beste nedfrsingstemperaturane for kvart vareslag. Det er mogeleg at nedfrsingstemperaturen har mindre å seie enn mange har trudd, og at det ikkje er mykje å vinne ved å bruke nedfrsing ved lågare temperatur enn -18° C. Frukt og bær blir ofta nedfrosne som ei midlertidig konservering og etter fryselagring i relativt kort tid, helst under eitt år, blir denne råvara gjort om til salgsferdig produkt. Når slike produkt blir kvalitetsvurderte, er det vanskeleg å finne sensoriske utslag for nedfrsingstemperatur. Temperaturen under fryselagringa har truleg meir å seie, og det er truleg der det kan bli visse kvalitetstap.

For frukt og bær som industrien pakkar for frysing og distribusjon til direkte konsum, er kvalitetskrava strenge. I Norge er det ein relativt liten del av råvarene som blir omsett slik, derimot er det ein viktig del av heimefrysinga. Og her er nedfrysingstemperatur og frysela gringstemperatur oftast den same, og ikkje sjeldan over  $-18^{\circ}\text{C}$ , slik at kvaliteten kan tape seg. Det er elles urett å samanlikne fryste fruktprodukt med friske varer. Ofte har dei to gruppene ulike bruksområde, og jamvel der bruken er den same, som f.eks. jordbær med fløyte til dessert, kan det ikkje hindrast at den fryste bæra er eit heilt anna produkt både i utsjånad, konsistens og smak.

Eit viktig moment ved frysing av frukt og bær er at ensymaktiviteten må inaktiverast før nedfrysing, elles kan det bli endringar i sensoriske eigenskapar under frysela gringa. Den blansjeringa som er nødvendig, blir gjerne gjort med damping i nokre fåe minutt. Mange frukttag, f.eks. bringebær og jordbær blir lite påverka av ensym og av oksidative system, og dei treng derfor ikkje blansjering. Plommer, fersken og eple vil etter kvart bli brune dersom det er lufttilgang under frysela gringa, og blansjeringa motverkar dette. Ein annan måte for å unngå dette er å legge varene i sukkerlake.

#### Dehydrerte (tørka) frukt- og bærprodukt

Dehydrering er når vatn blir fjerna fra ei matvare på slike måtar at produktet ved ny tilsetting av vatn gjev eit velsmakande og næringsrikt fødemiddel. Konserveringseffekten ligg i det at det låge vassinhaldet hindrar mikroorganismene i å vekse og øydelegge varene. Vassinhaldet må under 10 prosent dersom soppane skal bli hindra, medan ca. 15 prosent vatn er grensa for bakterievekst.

Også ved dehydrering må ensyma inaktiverast. Dersom f.eks. oksydaseensyma framleis er i aktiv tilstand, vil produktet snart tape kvalitet. Ensymatisk brunfarging skuldast oksydasjon av fenolar, särleg epikatekin og klorogensyre under lufttilgang med innverknad av polyfenolaseensym. Det mørke stoffet som er årsak til den brune fargen, er polymerar av ortokinon, dei er kjende under namnet melaninar.

Før dehydreringa kan ensyma inaktiverast ved oppvarming, ved utestenging av oksygen og ved tilsetting av askorbinsyre. Svovaldioksyd er også brukt, som regel i oppløysing, og verkar både som inaktivator av ensym, og ved kjemisk reduksjon, og ved at danningen av polymerar blir hindra.

Fruktkjøt kan bli brunt av andre årsaker enn ensymverknader, f.eks. ved reaksjonar mellom reduserande sukkerarter og visse aminosyrer, eller ved reaksjonar mellom sukker og andre organiske syrer, som oksalsyre, tartarsyre, malonsyre o.fl. Slike reaksjonar som ikkje er ensymatiske (Maillard-reaksjonar) er kompliserte og medfører fleire endringar i produkta som slår ut i smak og lukt, og i evna til å svella utatt når vann blir tilsett.

Under dehydreringa vandrar mange oppløysingar ut mot overflata, der det blir eit seigt sjikt, særleg hos sukkerrike frukter. Dette kan førebyggjast ved at første del av dehydreringa ikkje er for intens.

Når produktet taper evna til å svelle ved vasstilsetting (rehydrering), er det fordi sterke varme øydelegg elastisitetan i celleveggene og like eins stivelseskorna inne i cellene.

Uttrykket tørking blir ofte brukt når hjelpemiddla er det naturlege klimaet, d.v.s. sol og vind. Kring i verda er mange fruktslag tørka på denne måten, og både for svinker, rosiner og nøtter har dette hittil vore det vanlege. Men dehydrering, som er når det blir brukt andre energikjelder for oppvarming og luftsirkulasjon, kjem meir og meir i bruk for dei fleste varer, jamvel for så enkle produkt som gras.

For somme vareslag kan også vatnet trekkjast ut med kjemiske emne, f.eks. med koksalt eller med sukker.

I den mekaniske dehydreringa er det brukt mange slag utstyr. Ofte er det oppvarma luft som blir førd over varene ved hjelp av vifter. Anlegga kan vera tørkeskap der varene ligg på brett, trau eller netting. Tunnelar er brukt, og somme har kontinuerlege belte der varene er i rørsle under varm luftstraum. På same vis som ved frysing er det også ved dehydrering brukt fluidisering, d.v.s. at varm luft blir pressa gjennom botnen og held partiklane oppe slik at kvar ein skild kjem i kontakt med

den oppgående varmeluftstraumen og blir dehydrert. Dehydrering med trykkluft er også brukt, og somme tørkeskap har vakuums i tillegg.

Ofte er det væsker som blir dehydrert, f.eks. saft. Da kan sprøytedehydrering brukast, d.v.s. at safta blir sprøyta ut gjennom dyser, og vatnet blir teke ut i den varme luftstraumen. Ein annan metode for dehydrering av væsker er at væska blir førd av ein roterande trommel gjennom den oppvarma luftstraumen. Fra somme produkt kan vatnet frysast ut.

Frysedehydrering eller frysetørking er ein kombinasjon av frysing og dehydrering. Det produktet som skal dehydrerast, blir lagt inn i dehydreringsanlegget i fryst tilstand. Der blir det dehydrert under vakuums, og iskrystallane sublimerer som damp utan å gå vegen om vatn. Produktet må vera i tynne sjikt i vakuummammeret, der trykket er mindre enn 47 mm Hg. Det fryste produktet bør ha temperatur på ca. -10 til  $-25^{\circ}\text{C}$ , og for å få raskare sublimasjon blir det tilført varme, anten ved hjelp av varmeelement eller ved tilførsel av varm luft. Vassdampen som sublimerer fra varene, kan fjernast på nedkjølte plater, eller den kan bli kondensert på annan måte.

Frysedehydrering blir rekna for ein dyr metode for produktframstilling og konservering av frukt og bær. Men det er også sagt at slike produkt har høg kvalitet. Eksempel på slike produkt er bringebær, som har vore frysedehydrert til bruk i iskremproduksjonen. Frysedehydrerte varer må pakkast lufttett og lagrast ved relativt låg temperatur, f.eks.  $1-4^{\circ}\text{C}$ .

#### Konservering med kjemikal

Vekst og utvikling av sopp og bakteriar kan motverkast om vassaktiviteten blir nedsett f.eks. av sukker- eller saltopplosningar. Mange frukt- og bærprodukt blir konserverte ved hjelp av kjemikal som har meir direkte germisid verknad, d.v.s. dei drep eller hemmar soppar og bakteriar. I Norge er det lovreglar for bruken av slike middel, og Helsedirektoratet utarbeider liste over grupper av tilsettingsstoff som er tillatt for kvar gruppe av næringsmiddel.

Bensosyre blir brukt anten som den reine syra eller oftaast som eit av salta, mest natriumbensoat. Både syra og salta blir rekna for ufarlege for menneske jamvel om toksisitetten er litt større enn for sorbinsyre og salta av den. Bensosyra blir nedbroten i kroppen etter etter koppling til aminosyra glysin og deretter utskild gjennom urinen.

Sorbinsyre er også utan smak og lukt, og det optimale verk-nadsområdet er ved høgare reaksjonstal enn for bensosyra, nemleg ved pH 6,6. Sorbinsyre blir nedbroten i kroppen sameleis som ei feittsyre.

Andre slike germisid som er brukt til delvis konservering av frukt- og bærprodukt, er eddiksyre, maursyre, propionsyre, svovelsyrling o.fl. Tilletne konsentrasjonar er kring 0,1 prosent i ferdige produkt, natriumbensoat 0,15 prosent, kalium-sorbat 0,10 prosent.

Ei anna gruppe av slike tilsettingsstoff (additiv) er antioksydantane som hindrar kjemiske endringar i produkta. Vidare blir det brukt fysikalsk verkande stoff som påverkar konsistensen (f.eks. pektinpreparat), hindrar skumdanning c.l. Det er også ei gruppe additiv som blir brukt for å forbetre utsjånaden av produktet, eller påverke lukt og smak. Til den siste gruppa hører naturlege og kunstige fargestoff, smakstoff og sötingsmiddel.

#### Viktige frukt- og bærkonserver

I norske næringsmiddelfabrikkar som arbeider med frukt og bær, er saft, juice og most den største varegruppa. Dernest kjem gruppa syltetøy, marmelade o.l. med om lag halvparten så stor varemengd.

Syltetøy blir laga av svært mange frukt- og bærslag etter oppskrifter som kvar fabrikk kjem fram til, men med påboden merking der innhaldet skal deklarerast. I forskrifter for vegetabiliske konserver er det påbod om innhaldet av frukt pr. 100 gram ferdig vare. Forskriftene har også andre påbod og definisjonar. Eksempel på merking: Bringebær-syltetøy. Råvarer: Bringebær, sukker, pektin. Tilsatt godkjent konserveringsmiddel. Tilsatt sukker 43 gram pr. 100 gram syltetøy. Netto-

vekt 330 gram. Næringsinnhold: 100 gram syltetøy gir 200 kcal og inneholder 50 gram karbohydrater.

Fabrikkane har ofte sterkt spesialisert og automatisert utstyr for framstilling av syltetøy. Vanleg emballasje er glas med bajonettlokk ("twist off") og under påfylling av varmt syltetøy, 82-85° C blir det brukt dampstråle for sterilisering av overflata, - eller glasa blir sterilisert som ved vanleg hermetisering av frukt.

Eplemos er eit litt spesielt produkt som det har vore arbeidd med, mest for å få eit bruksområde for store eple i klasse II. I somme land er dette eit viktig produkt, særleg i USA der hermetisk "Apple Sauce" har eit produksjonsvolum mest like stort som hermetisk fersken. I Norge og dei andre nordiske landa har konser vindustrien hittil ikkje hatt stor produksjon av eplemos og eplemarmelade, men det er interesse både for å finna høvelege råvarer og gode framstillingsmåtar.

Den eplemosen som blir framstilt i Norge, går stort sett til bakeri, konditori og restaurantar og blir brukt som kakefyll og som grunnmateriale for epledessertar. Den amerikanske "Apple Sauce" har eit anna bruksområde, nemleg som tillegg til varmrettar, om lag slik som vi brukar tyttebær.

Også i USA har Gravenstein vore eit viktig råstoff, og sorten er rekna som særleg velskikka til dette. Det er stort sett Gravenstein klasse II over 55 mm som er brukt til dette, der det er høve til å velja råvare.

#### Framstilling:

1. Skrelling, fjerning av kjernehus, stilk og beger
2. Etter skrelling plassering i 0,5 prosent sitronsyreopplosning.
3. Damping i ca. 5 minutt ved damptrykk  $0,3-0,5 \text{ kg/cm}^2$  og direkte dampinnføring, eller transport gjennom ein varmeutvekslar der mosen får ein temperatur av 90-100° C. Dette alternativet krev oppmalning først.
4. Passering gjennom sjikt med 2,3 mm perforering.
5. Derifra over i tank med varmekappe der mosen blir tilsett ei 65 prosentig sukkeroppløsing og askorbinsyre.

6. Tapping på oppvarma glas eller boks som straks får påsett lokk. Står 20 minutt og blir så avkjølt.
7. Eplemosen bør halde eit refraktometertal på minst 15, men ikkje over 30. Produktet skal ikkje bli deiget, men gjerne ha litt grynet struktur.

### Eplemost

I tysktalande land er det tale om Gärmest som kan tilsvare vår eplevin eller sider, og Süssmost som er framstilt utan noko tilsettingsstoff og gjort lagringsdyktig ved kimfiltrering og/eller oppvarming. Institutt for fruktdyrking tok opp arbeidet med dette produktet alt i slutten av 1920-åra da professor Misvær var i Sveits og studerte dei framstillingsmåtane som da var i bruk. I førstninga var det tyske namnet süssmost mykje brukt, seinare kom namn som fruktdrikk, og nå er eplemost og eplesaft brukt. Prinsippet for framstillinga er:

1. Vasking av råvara.
2. Derfra til sorteringsband for inspeksjon av råvara og fjerning av råteskadde eple. Särleg viktig er det å sortere ut frukter som er skadd av soppar som kan utvikle mycotoxin, f. eks. patulin.
3. Maling eller riving av epla.
4. Derfra blir pulpen førd ned i pressa som kan vera ei hydraulisk pakkresse der pulpen blir pakka i 5-6 cm tjukke lag i strieflak med ei tregrind mellom kvart slikt lag. Pressa kan også vera ei horisontal sylinderresse, som er mindre arbeidskreavande enn pakkressa. Sylinderressa har ein stor sylinder som blir fylt med pulp gjennom ein åpning i den eine endeveggen i sylinderen. Den andre endeveggen er eit hydraulisk stempel. Når stempelet pressar massen saman, går den frigjorde mosten ned i rillar på gummikablar som er strekt mellom stempelet og ytre sylindervegg. Safta renn så langs desse rillane og ut i samlekar. Sylinderen går heile tida rundt, og når det hydrauliske stempelet går tilbake etter pressing, blir presskaka broten opp og smuldra. Når stempelet pressar på ny, er gummikablane komne i ny stilling og ein ny, men stadig mindre saftrest.

blir frigjord. Sylinderpressa har gjerne litt større effektivitet enn pakkpressa og tar ut opptil 85 prosent most av epla.

5. Neste trinn er klaring av mosten med pektinspaltande ensympreparat. Mengda av slike preparat som er nødvendig for å få pektinbindingane utfelt, er avhengig av preparattype (Fil-tragol, Pectinol) av eigenskapar ved mosten og av temperaturen i produksjonsromma. Eplemost krev relativt små mengder ensym for at pektinet skal bli utfelt. Fellinga kan påskundast ved tilsetting av gelatinoppløysing.

6. Det blir tilsett askorbinsyre for å hindre at mosten blir mørk på grunn av oksydasjonsprosesser.

7. Så blir mosten pasteurisert ved såkalla "high-short"-pasteurisering, som er 40 sekund ved  $87^{\circ}\text{C}$  og deretter nedkjøling til romtemperatur.

8. Mosten står så til klaring ofte med ny tilsetting av ensym og felling med gelatinoppløysing. Sentrifugering er stundom brukt i staden for denne klaringa.

9. Så fylgjer filtrering der mosten blir pumpa gjennom kimfilter som er i stand til å ta bort soppsporer. Tidlegare var slike filter av asbestplater, nå er dei av samanpressa stålull. Det er for at denne kimfiltreringa skal gå greitt at pektinfellinga blir gjort så omhygeleg. Med mykje pektin går ikkje mosten gjennom kimfilter.

10. Mosten blir så pasteurisert på ny ved  $75-80^{\circ}\text{C}$ ,
11. tappa på dampsteriliserte flasker
12. som blir lagd under bakteriedrepande ultrafiolett lys.
13. Flaskene blir korka, ofte med crownkork,
14. etiketterte og gradvis avkjølde til lagertemperatur  $2-4^{\circ}\text{C}$ .

### Andre moment om most og saft

Eksemplet her er med eplemost, men det blir framstilt most av mange frukt- og bærslag. Også vanleg saftframstilling har mange av dei same prosesstrinna, men saft kan ha tilsettingsstoff, særleg sukker, og klareringa er mindre omstendeleg. For eplemost har det vore eit kvalitettskrav at den skal vera klar. Andre typer av fruktdrikk skal helst vera uklare og ha ein del fruktpulp flytande i produktet. Da blir safta oppvarma for å inaktivere dei naturlege klaringsensyma. Dette er brukt for fleire citrussaftar og for tomatsaft (juice). Slik varmestabilisering blir ofte kombinert med kjølelagring av saftankane.

I England og Frankrike blir det dyrka særlege eplekultivarar for siderframstilling. Slike kultivarar har høgt innhold av ensymet pektinesterase som spelar ei ster rolle i den naturlege klareringa av mosten. Dette ensymet i samband med polygalacturonase, som gjærsoppane dannar, spaltar pektinstoffa og medverkar til klaring av mosten. Dersom pulpen får stå litt før pressing, vil ensymmengda og den frie pektinmengda auke. Etter nokre dagar blir det utfelt ein kalsiumpektat-gel, som tar med seg gjærceller og fruktrestar. Tilsetting av kalsium eller natrium intensiverer prosessen.

Ved framstilling av eplemost er klareringa ein viktig delprosess, og det er der viktig å få pektinspaltande ensym til å verka. Når det skal produserast uklare most- eller juice-typer er det like viktig å immobilisere dei naturlege ensyma som finst i frukta. Slik immobilisering kan gjerast på mange vis, f.eks. ved adsorpsjon til mineralstoff, ved ionisk binding, eller ved tilsettingar som fører til innkapsling av ensyma.

I solbær er pektininnehaldet høgt, og det er sterkt esterifisert. Det er alltid nødvendig med ei eller anna form for pektinfelling i pulpen, før pektininnehaldet gjer at solbæra vanskeleg kan pressast direkte.

Saft kan konsentrerast ved inndamping i vakuum. I somme tilfelle blir aromakomponentane tekne ut ved ein særskilt prosess og tilsett att når saftkonsentratet blir fortynna med vatn. Solbær har så sterk og særprega aroma at det sjeldan blir gjort særskilt utvinning av aromakomponentane i safta under konsentrering.

Konsentreringa har som føremål å redusere risikoen for mikrobiell aktivitet i safta, og å redusere lagrings- og transportkostnader. Konsentreringa skjer ved ei eller anna form for fordamping av vatn. Ein tynn film av mosten strøymer over ei oppvarma flate, ofte under redusert trykk. I ein plate-evaporator blir væska førd mellom oppvarma plater som står med liten avstand. Moderne inndampingsanlegg har gjerne utstyr for aromagjenvinning.

Fruktsaft kan bli konsentrert ved frysing og deretter separasjon av isen. Litt av dei faste bestanddelane går tapt i isen.

Viskositeten i most og saft er ofte eit brukbart mål for korlett pulpen lar seg presse. Og viskositet er igjen eit uttrykk for pektininnhaldet. Lagra frukt er vanskelegare å presse fordi den frie pektinmengda aukar under lagring. For å få fastare og mindre deiget eplepulp blir det stundom tilsett kalium. Pærepulp er ofte seig og vanskeleg å presse.

#### Sukker og andre sötingsmiddel

Stort sett er det sakkarose som blir brukt som sötingsmiddel ved industriell framstilling av frukt- og bærprodukt. Når sötингseffekten av sakkarose blir sett = 1, har laktose 0,3, glukose 0,5-0,6 og fruktose 1,0-1,5. Sorbitol og glyceral som kjemisk er alkoholar, har sötингseffekt om lag som glukose.

Sidan introduksjonen av sakkarin kring 1880 (bensesyresulfonid) er det framstilt fleire hundre hundre syntetiske sötingsmiddel for matvarer. Men med fåe unntak har dei vist seg toksiske og derfor usikka som tilsettingsstoff i næringsmiddel. Eit slikt var Dulcin, N-para-etoxyfenylur a som har vore brukt. I 1937 vart det påvist at N-sykloheksylsulfaminsyre og salta av den, syklamat, hadde sterk sötингseffekt. Det er mindre sott enn sakkarin, men utan bitter ettersmak. Fra kring 1960 var det aukande bruk av syklamat, ofte i kombinasjon med 10 prosent sakkarin, inntil det i 1970-åra vart påvist medisinske skadeverknader, og syklamat vart fjerna fra lista over godkjende tilsettingsstoff.

Visse dihydrochalconglykosid kan ha sötингseffekt opptil

10 gonger sakkarin. Slike glykosid er deriverte fra bitterstoffa i sitrusfrukter og er sagt å vera fri for toksiske bi-verknader, men dei er ikkje utan spesielle smakseffekta.

Fleire andre syntetiske stoff er prøvde, f.eks. visse ester av L-asparaginsyre. Sakkarin blir framstilt anten fra toluen eller fra antraniltsyre som igjen er utvunne fra naftalin.

Eit nitro-2-propoksyylanilin har sötингseffekt fire tusen gonger effekten av sakkarose, men det er ikkje mellom dei godkjende tilsettingsstoffa.

Det er ingen samanheng mellom sötингseffekt og kjemisk konstitusjon.

#### Stikkord og definisjonar

Agar. Tørka, rensa arter av tang, *Gelidium*, *Gracilaria* og andre slekter. Löyseleg i vatn og dannar gel. Brukt i mange matvarer. Agar er eit kompleks av galaktoseeininger, men ufordøyaleg for menneske.

Alginat. Salt av alginsyre, som finst fri eller i form av kalsiumsalt i tang. Alginat der syra har reagert med jern, magnesium eller ammonium, dannar viskøse oppløysingar som kan binde mykje vatn, og som derfor kan brukast som fortjukningsmiddel.

Amarant. Syntetisk fargestoff som i Danmark er godkjent som tilsettingsstoff til konserver og brukt ved fabrikasjon av dansk kirsebærvin. Andre slike fargestoff er azorubin, erythrosin,poncean YR.

Amygdalin. Glukosid i mandelkjernane og i frø av aprikos og kirsebær. Glukosidet blir hydrolysert av ensymet emulsin til glukose + hydrocyansyre og bensaldehyd. Det er bensaldehydet som er årsak til den karakteristiske aromaen.

Askorbinsyre = vitamin C, påverkar dei substansane som bind cellene saman i organisk vev. Når vitamin C vantar i animalsk vev, kan blodet sive utanfor åresystemet. Dei biokjemiske funksjonane er ikkje kjende.

Askorbinsyre er ustabil og blir påverka av luft og av varme, særleg i alkalisk miljø. Blir ofte øydelagd av kokning, eller går bort i kokevatnet.

Askorbinsyrereaksidase. Planteensym som oksyderer askorbinsyre til dehydroaskorbinsyre. I levande vev er ensymet ikkje knytt til askorbinsyra, men i visnande blad eller i oppskorne vegetabilier er ensymet årsak til rask destruksjon av C-vitaminet.

Autoklav. Beholdar der det kan bli oppnådd høg temperatur ved hjelp av trykk. Ved atmosfærisk trykk kokar vatn ved  $100^{\circ}$  C og ved 5 kg ekstra trykk er kokepunktet  $115^{\circ}$  C. Autoklavar har to føremål, - koking på kortare tid, og sterilisasjon fordi bakteriane blir sikrare drepne ved den høge temperaturen.

Bensosyre er ei karbosyklistisk syre derivert fra bensen. Den frie syra og natrium- og kaliumsalta er effektive konservingsmiddel. I somme land er det restriksjonar på bruk av bensosyre i industrielle produkt.

Blansjering. Oppvarming, "forhåndskoking" av frukt og grønnsaker før pakking for hermetisering, tørking eller frysing. Fruktkjøtet mjuknar, lufta i cellemellomromma blir fjerna, ensym blir destruert, og uønska aromastoff dampar bort. Regelen er nedsenking i vatn ved  $80-90^{\circ}$  C i 1-5 minutt. Blansjering er også brukt for at fruktskal lettare skal kunne fjernast, f.eks. ved forbehandling av fersken til hermetisering. Blansjering kan føre til tap av sukker og askorbinsyre.

Bombasje. Utbuling av lokk på hermetikkboksar. Teknisk eller biologisk, den sistnemnde indikerer ofte mikrobiell aktivitet i næringsmidlet, ofte gjæring.

Botulisme. Forholdsvis sjeldan form for matforgifting med årsak i eit endotoksin, botulin som blir danna av bakterien *Clostridium botulinum*, og svært små mengder av toksinet har farlege giftverknader. Organismen er anaerob, og sporene kan motstå koking i 3 timer, først ved  $120^{\circ}$  C og pH under 4,5 blir sporene destruerte. Sjølve gifta blir destruert ved  $60^{\circ}$  C.

Brix. Tabell over eigenvekt basert på eit eldre tabellverk Ballings 1843, som gav vekta av sakkarose i 100 gram oppløysing. Brix-grader blir målt med flytevekt og gjev sukkerinnhaldet i fleire vareslag, f.eks. i sukkerlake som er brukt ved hermetisering av frukt.

Cola-drikkar. Karbonsyrerike drikkar som inneholder ekstrakt av Cola-frø. Frøa inneholder mellom anna koffein.

Dehydrogenase er ensym som styrer oksydasjonen i levande vev ved å fjerne hydrogen fra substratet. Ensyma fungerer berre ved at hydrogenet blir overført til andre substansar, d.v.s. dei er det som blir kalla intermediære hydrogenakseptorar. Der er spesifikke dehydrogenaser for kvart substrat.

Dehydrohermetisering, og like eins dehydrofrysing er prosessar der 50-70 prosent av vassinnhaldet blir fjerna ved dehydrering før pakking før hermetisering eller frysing. Føremålet er betre konsistens og mindre volum.

Enzym er katalysatorar danna av levande celler. Dei står for mange reaksjonar hos planter og dyr. Dei er samansette av protein og blir inaktiverte av høg temperatur og av kjemikal som koagulerer protein. Somme enzym treng co-enzym for å bli aktive, og co-enzyma er ofte former av vitamin B-komplekset.

Exhausting er å fjerne luft fra produkt som skal konserve-rast. Det kan vera opphetinga før tillukking eller behandling under vakuum. For frukt- og bærprodukt på boks er dette viktig, fordi exhausting set ned risikoen for innvendig korrosjon i boksane. Etter exhausting blir boksane svakt konkave i lokk og botn. Konvekse bokser er nemleg mistenkelege, årsaka kan vera biologisk bombasje (gjæring).

Farga stoff (fargestoff, pigment). Til farging av produkta kan berre brukast naturlege pigment som er godkjende ut fra lov om tilsyn med næringsmiddel. Det er visse unntak fra dette, f. eks. kan kirsebær i fruktsalat og cocktailbær tilsettast kunstig fargestoff mot deklarasjon.

Farga stoff som blir brukt i næringsmiddelindustrien, er anten slike som kjem fra planteriket, eller dei er uorganiske pigment, eller løysingar der organiske stoff er bundne til metallioner. Stoffa kan også vera syntetiske koltjørestoff.

Flat-sours er bakteriar som gjer hermetisk frukt sur utan å utvikle gass. Boksane får altså ikkje biologisk bombasje. Bacillus stearothermophilus er ei typisk basille-art i denne

gruppa. Dei er termofile, fakultativt anaerobe, går på mange karbohydrat og avgjør mjølkesyre, eddiksyre, maursyre o.fl.

Gelatin. Vassløyseleg protein som er framstilt av kollagen, eller fra bein.

Gele. Geledanning av saft vil gå for seg når konsentrasjonen av pektin, sukker og hydrogenioner er tilstrekkeleg høg. Er konsentrasjonen av den eine av desse innhalstsstoffa for låg for geledanning, kan dette til ei viss grad kompenserast ved å heve nivået av eit av dei andre eller båe.

Gelepulver er tilverka av saftpulver tilsett sukker, syrer og godkjent fortjukningsmiddel i slike forhold at det blir gele ved tilsetting av vatn. Ferdig gele må innehalde minst 40 gram råsaft i 100 gram gele.

Hermetisk frukt er heile eller oppdelte frukter tilsett sukker, sukkerlake, vatn og eller saft av same fruktslaget, pakka i hermetisk tett pakning og gjort holdbar ved oppvarming. Produkta skal merkast med namnet på det fruktslaget som det er tilverka av, eller med navn som er vanleg brukt, f.eks. Fruksalat, Blanda frukt o.l., eventuelt tilføyd Hermetisk.

Hermetisk fersken er eit svært vanleg produkt. Mange ferskenkultivarar er spesielt selekerte for hermetisering. Fruktene bør vera store og ha jamn storleik og symmetrisk form, helst også gul kjøtfarge, og dei bør halde eigenskapane godt under oppvarming ved steriliseringa. Mange av kultivarane som blir brukt, er faste, gulkjøta, klingsteina (ikkje fristeina). Prosessen er: 1) oppdeling, fjerning av stein, 2) skrelling, 3) fylling av boks, 4) tilsetting av sukkerlake, 5) exhausting, 6) lukking av boks, 7) sterilisering, 8) avkjøling.

Irradiasjon (bestråling). Ultrafiolette stråler, bølgelengd 2100-2900 Ångstrøm, drep bakteriar, men strålene har lita gjennomslagskraft og har verdi berre for overflatesterilisering eller sterilisering av luft.

Ionisert stråling (gammastråler), såkalla kald-sterilisering, er brukt til ymse føremål i matvareindustrien. Radio-pasteurisering er ein kombinasjon av irradiasjon og varmesterilisering, brukt fordi ionisert stråling stundom medfører

framand aroma i produktet. 200.000-300.000 rod kombinert med oppvarming kan forlenge lagringstida for somme matvarer.

Kandiserte frukter er gjort haldbare ved behandling med sukkerlake.

Karragen. Tilsettingsstoff som blir brukt i mange matvarer som fortjukningsmiddel. Det er eit polysakkharid som blir utvunne av raudalger, og det har høg molekylvekt, som alle slike fortjukningsmiddel som er brukt ved framstilling av fruktprodukt. Når karragen blir nedbrote, avtar molekylvekta, og det er ikkje effektivt som fortjukningsmiddel lenger.

Klaring er når væsker blir klara ved at partiklar blir fjerna ved tilsetting av proteolytiske eller pektolytiske enzymer, eller ved filtrering, sentrifugering, eller ved tilsetting av substansar som får partiklane til å koagulere, fnokke seg og botnfelle.

Kompott er produkt som er tilverka av heil eller oppdelt, men ikkje findelt frukt, eventuelt tilsett sukker, vatn og godt kjent fortjukningsmiddel, eventuelt også stivelse. Fruktkompott skal innehalde minst 40 gram og bærkompott minst 35 gram frukt i 100 gram ferdig vare. Sukker inntil 40 gram i 100 gram ferdig vare.

Limonade er bruksferdige produkt framstilt av vatn, naturlege uttrekk av frukt eller bær, med eller utan tilsetting av sukker. Limonade kan dessutan innehalde saft, saftkonsentrat, knust frukt og bær. Merkinga "Squash" skal brukast for produkt som etter fortynning med vatn gjev ein bruksferdig limonade med over 8 gram råsaft i 100 gram.

Lutskrelling. For eple og pære som skal brukast i fruktprodukt og skrellast, kan lutskrelling brukast. Luta kan vera NaOH i vektprosent fra 3 til 12, temperatur 75° C, dyppningstid 5 minutt. Hjelpestoff som Faspeel og Detergol (sulfosåpe) blir brukt opp til 10 promille. Skrellesvinnet aukar mer stigande lufttemperatur.

Marmelade er framstilt på same måte som syltetøy, men av mos eller av tørka frukt. Det skal vera minst 40 gram frukt

pr. 100 gram ferdig vare, for solbær minst 25 gram og for nype minst 33 gram. Sukkermengda må ikkje vera så stor at refrakto-metertalet kjem over 60. I marmelade av to eller fleire frukt- eller bærslag må det ikkje vera meir enn 33 gram eple eller pære pr. 100 gram ferdig vare. Rabarbra må ikkje brukast saman med andre råvarer i marmelade. Sitrusmarmelade skal innehalde minst 20 gram sitrus utan kjernar.

Opprinnleget var marmelade eit produkt som var framstilt av portugisisk kvede (marmelo). Seinare brukt i engelsk språk om syltetøy av mange sitrusfrukter.

Most (juice) og nektar. Most er råsaft med eller utan tilsetting av sakkarose. Andre ingrediensar enn sukker og askorbinsyre er ikkje tillate, og dette gjeld også når namnet juice er brukt. Nektar er råsaft utan andre ingrediensar enn sukker, askorbinsyre, syrer og vatn. Råsaftinnhaldet skal vera minst 40 gram i 100 gram nektar. For solbær og rips minst 30 gram i 100 gram nektar. Tørrstoffinnhaldet må ikkje vera over 15 gram i 100 gram og alkoholinnhaldet ikkje over 0,5.

Patulin, eit mycotoxin (mugg-gift) som blir danna av visse sopparter. Somme av dei går på frukt og på fruktprodukt og utviklar patulin. Eit meir kjent mycotoxin er aflatoxin fra paranötter. Soppar som utviklar patulin, er *Penicillium*-arter og *Aspergillus*. Om lag 50 prosent av patulinet blir nedbrote ved oppvarming til 80° C i 10-20 minutt.

Råsaft er flytande bestanddelar av frukt eller bær utvunne ved pressing eller på annan godkjend måte, med eller utan oppvarming på førehand, og utan tilsetting, heller ikkje av vatn.

Alkoholinnhaldet må ikkje overstige 0,5 gram i 100 gram råsaft.

Saft er råsaft som kan vera tilsett sukker, men ikkje vatn. Råsaftinnhaldet må vera minst 50 gram i 100 gram, for eplesaft minst 85 gram. Saft av solbær, rips, bringebær, jordbær og kirsebær kan likevel innehalde mindre råsaft, men ikkje mindre enn 40 gram i 100 gram, og da skal produktet ha merkinga "sirup" i tillegg til det bærslaget det er laga av, f.eks. "Solbærsirup". Sukkertilsettinga skal deklarerast som gram pr. liter råsaft. Saft utan sukkertilsetting skal merkast "usukra". Tørrstoff-

innhaldet bestemt med refraktometer ved  $20^{\circ}$  C må ikke overstige 55 gram i 100 gram sukra saft, 25 gram i 100 gram sukra eplesaft og 63 gram i 100 gram sirup.

Saftkonsentrat er tilverka ved konsentrering av råsaft. Minst 2/3 av vatnet i råsafta må vere fjerna ved vakuuminndamping, frysing eller ved andre godkjende framgangsmåtar. Aromastoff som er attvunne ved konsentreringa, kan tilsetjast til konsentratet.

Sider. Gjæra eplemost med 5-6 prosent alkohol og 0,7-2,0 prosent sukker. I USA er nemninga cider bruk om frisk ugjæra eplemost, og den gjæra mosten blir kalla hard cider.

Sitronsyre. Trebasisk syre  $C_6H_8O_7$  som finst i mange frukter, særleg citrus. Er normalt med i stoffomsetnaden i kroppen og blir fullstendig metabolisert. Kjemisk rein syre blir bruk som smakstilsetnad i drikkevarer, konfekt og fruktprodukt. Blir produsert av soppkulturar eller ekstrahert fra sitroner.

Søting. Til søting kan terre brukast sukker (mono- og disakkarid) med følgjande unntak: Glykose (stivelsesukker, glykosesirup) kan brukast i staden for sukker helt eller delvis. Godkjende syntetiske sötstoff kan brukast til saft, saftdrikk, limonade og leskedrikkar.

Syltetøy er produkt som er framstilte av heile grovskorne eller grovknuste frukter, tilsett sukker og oppvarma. Utan oppvarming blir produktet kalla rørt eller råsylta. Både syltetøy og rørt frukt skal innehalde minst 40 gram frukt i 100 gram ferdig vare, for solbær minst 25 gram og for nyper minst 33 gram i 100 gram ferdig vare. Sukkermengda må ikke vera så stor at tørrstoffinnhaldet bestemt med refraktometer kjem over 60 gram pr. 100 gram ferdig vare.

Tørr-is er karbondioksyd, med ein temperatur på  $-60$  til  $-80^{\circ}$  C brukt til kjøling av matvarer under transport. Også brukt for tilsetting av karbondioksyd til drikkevarer. Tørrisen sublimerer fra fast form til gass utan å gå om vækestadiet, og kjøleevna er om lag det dobbelte av is.

Tørka frukt skal ha vassinnhald under 35 prosent og merkast med namnet på fruktslaget. For nypepulver skal det opplystast om produktet er framstilt av nyper der frøa er fjerna.

Viskositet. Uttrykket er brukt om væsker for å definere den motstanden dei har mot å renne, d.v.s. den interne friksjonen. Viskositet blir målt med viskosimeter.

#### Eksempel på konserveringsforsök

Her som elles i arbeidet med matvarer, bygger framgangen for ein stor del på forsök. Dei tekniske framstæga og tillempinga av dei innan fruktkonserveringa må likevel oftast koma i gruppa utviklingsarbeid der resultatet f.eks. er ein metode, eit apparat eller ei oppskrift. Vidare er det slik at matvareindustrien ofte finn fram til desse utviklingsresultata ved arbeid innan eiga verksemd, og resultata er da ikkje utan vidare offentleg tilgjengelege.

Når det her blir teke med nokre eksempel på konserveringsforsök, så er det mest for å vise slike arbeid som kan utførast ved hagebruksinstitusjonar. Det er derfor ikkje med slike forsök som gjeld tekniske eller kjemiske problem, og heller ikkje eksempel på eigentleg produktutvikling.

Forsök som gjeld råvara, er dei mest vanlege, fordi mange frukt- og bærslag har sitt viktigaste bruksområde som råvare for prosessing. Slike forsök kan vera kultivarforsök, eller forsök med kulturinngrep eller forsök med haustetid, modningsgrad, råvaretransport o.l.

Så kan forsøka gjelde framstillingsmåten, f.eks. konvensjonelle produkt samanlikna med produkt laga ved ein ny teknisk metode. Hermetiske fruktpunkt samanlikna med dessertfryste var i si tid aktuelle.

Forsøka kan vera ein kombinasjon av dei to gruppene ovanfor, fordi somme kultivarar kan ha særleg gode eigenskapar ved ein framstillingsmåte, men tape i samanlikninga når ein annan metode er brukt.

Så kan forsök og granskningar gjelde endringa i det ferdige produktet, f.eks. effektar av lagertemperatur, lagringstid

eller transport og handtering. I konserveringsforsøka kan resultata bli målt med økonomiske mål, som f.eks. kan vera tid eller pengar og gjelde kostnader eller inntekter. Resultata kan målast med tekniske mål, som f.eks. kan vera saftmengd pr. tidseining. Dei kan målast ved kjemiske eller fysikalske analyser.

Men ein viktig målemetode i matvareforsøk er dei sensoriske vurderingane. Dei er ofte det avgjeraende målet når eigenskapar ved råvara skal vurderast.

I det etterfylgjande er det sett opp i tabellform eksempel på slike forsøk. Dei fleste av forsøka er fra publiserte arbeid, men kjeldene for kvar tabell er ikkje oppgjevne her, fordi dei aller fleste er fra forsøk som er utført ved Institutt for fruktdyrking. Askorbinsyra er oppgitt i milligram pr. 100 gram

#### 1. Solbærmost, kultivarforsøk

|                 | Smak<br>poeng 1-10 | Farge<br>relativt |
|-----------------|--------------------|-------------------|
| Amos Black      | 7,4                | 76                |
| BangUp          | 7,6                | 77                |
| Boskoop Kjempe  | 6,9                | 77                |
| Brødtorp        | 7,4                | 85                |
| Cotswold Cross  | 6,1                | 42                |
| Gerby           | 7,4                | 100               |
| Goliath         | 7,6                | 96                |
| Malvern Cross   | 7,3                | 72                |
| Mendip Cross    | 6,9                | 72                |
| Silvergieter    | 7,2                | 86                |
| Tinker          | 6,9                | 64                |
| Wellington XXX  | 6,5                | 63                |
| Westwick Choice | 6,0                | 51                |

**2. Solbærsaft, kultivarforsøk (NINE)**

|                    | Saftutbytte<br>prosent | Askorbin-<br>syre | Smak<br>1-7 |
|--------------------|------------------------|-------------------|-------------|
| Baldwin            | 38                     | 212               | 4,1         |
| Bang Up            | 59                     | 102               | 4,7         |
| Black Reward       | 30                     | 194               | 4,3         |
| Boskoop Kjempe     | 71                     | 151               | 4,6         |
| Daniels' September | 35                     | 184               | 5,5         |
| Goliath            | 63                     | 96                | 4,3         |
| Lepaan Musta       | 72                     | 101               | 4,6         |
| Risager 21         | 57                     | 108               | 5,1         |
| Roodknop           | 58                     | 152               | 4,6         |
| Silvergieter       | 68                     | 147               | 4,5         |
| Stella I           | 68                     | 100               | 5,0         |
| Stella II          | 64                     | 136               | 5,1         |
| Svarterper         | 43                     | 172               | 4,5         |
| Wallace Seedling   | 51                     | 199               | 4,0         |
| Wellington XXX     | 56                     | 183               | 4,3         |
| Tor Cross          | 66                     | 161               | 4,8         |

**3. Solbær, askorbinsyretap i kokt og lagra syltetøy  
og i fryselagra bær**

|                    | Ascorbinsyre<br>i friske bær<br>mg/100 g | Prosent tap i<br>Lagra syltetøy | Prosent tap i<br>Fryselagra<br>bær |
|--------------------|--|---------------------------------|------------------------------------|
| Baldwin Hilltop    | 179                                      | 18                              | 10                                 |
| Bang Up            | 132                                      | 14                              | 0                                  |
| Boskoop Kjempe     | 149                                      | 5                               | 0                                  |
| Brødtorp           | 122                                      | 8                               | 0                                  |
| Cotswold Cross     | 190                                      | 22                              | 11                                 |
| Daniel's September | 207                                      | 19                              | 7                                  |
| Goliath            | 142                                      | 24                              | 10                                 |
| Wellington XXX     | 213                                      | 14                              | 10                                 |

#### 4. Solbærmost, askorbinsyre i råvare av tre modningsgrader

Umodne, grøne 244

Halvmodne, raudbrune 176

**Fullmodne, svarte** 150

#### 5. Jordbær, dessertfrosne, kultivarforsøk

|               | Utsjänad | Smak | Konsistens | Total |
|---------------|----------|------|------------|-------|
| Abundance     | 5,8      | 7,8  | 6,6        | 7,0   |
| Elista        | 4,8      | 4,4  | 4,8        | 4,6   |
| Jonsok        | 6,0      | 6,6  | 5,8        | 6,4   |
| Senga Sengana | 6,6      | 6,2  | 6,0        | 6,4   |
| Ydun          | 4,4      | 4,6  | 4,8        | 6,4   |

## 6. Jordbær, -syltetøy, -kultivarforsøk

## 7. Jordbær, kultivarforsøk (NINF)

|               | F r i s k e | b æ r | S y l | t e t | c y  |       |
|---------------|-------------|-------|-------|-------|------|-------|
|               | Farge       | Smak  | Total | Farge | Smak | Total |
| Bemanil       | 5,0         | 3,7   | 4,2   | 5,5   | 4,0  | 4,5   |
| Bounty        | 4,7         | 4,5   | 5,0   | 5,3   | 4,4  | 4,4   |
| Chamil        | 2,3         | 2,4   | 5,0   | 1,8   | 3,7  | 3,1   |
| Fanil         | 3,3         | 2,3   | 3,2   | 2,5   | 4,7  | 3,4   |
| Jonsok        | 4,9         | 4,2   | 4,3   | 5,9   | 4,2  | 3,9   |
| Senga Sengana | 5,3         | 4,5   | 4,8   | 5,7   | 5,3  | 5,1   |
| Sivetta       | 3,0         | 2,8   | 3,1   | 2,2   | 3,3  | 2,9   |
| Tago          | 5,2         | 4,2   | 4,3   | 5,7   | 4,6  | 4,7   |
| Tamella       | 4,1         | 3,4   | 4,0   | 5,6   | 4,5  | 4,4   |
| Tenira        | 4,6         | 4,3   | 4,3   | 4,6   | 4,2  | 4,6   |

## 8. Jordbær, Senga-Sengana, dessertfryste bær

|   | Smak | Totalinntrykk |
|---|------|---------------|
| Tørrsukra før frysing                             | 9,3  | 9,4           |
| Tørrsukra ved tining                              | 8,8  | 8,7           |
| Lake før frysing (600 gram<br>sukker /liter vatn) | 9,3  | 9,4           |
| Heile bær   | 8,8  | 9,1           |
| Halve bær   | 9,0  | 8,9           |

## 9. Jordbær, Senga-Sengana, syltetøy

|                  | Store bær<br>20 gram | Små bær<br>9 gram |
|------------------|----------------------|-------------------|
| Smak             | 7,4                  | 7,6               |
| Utsjånad         | 6,4                  | 7,2               |
| Konsistens       | 6,4                  | 7,7               |
| Askorbinsyre     | 20,0                 | 18,5              |
| Refraktometertal | 9,4                  | 9,2               |

## 10. Jordbær, dessertfryste (poeng 1 - 12)

|                  | Snitta<br>200 gram<br>sukker | Heile<br>200 gram<br>sukker | Heile<br>50 prosent<br>lake |
|------------------|------------------------------|-----------------------------|-----------------------------|
| <b>Abundance</b> |                              |                             |                             |
| Utsjånad         | 6,6                          | 9,6                         | 10,9                        |
| Smak             | 10,0                         | 10,0                        | 10,4                        |
| Konsistens       | 9,0                          | 9,2                         | 10,4                        |
| <b>Ydun</b>      |                              |                             |                             |
| Utsjånad         | 7,8                          | 8,4                         | 11,6                        |
| Smak             | 10,3                         | 8,5                         | 8,5                         |
| Konsistens       | 9,8                          | 7,4                         | 8,0                         |

## 11. Bringebær, kultivarforsök, smak 1-10

|                 | Syltetøy | Dessertfryste |
|-----------------|----------|---------------|
| Asker           | 6,4      | 5,5           |
| Kelleris 5      | 6,8      | 5,5           |
| Lloyd George    | 7,4      | 5,9           |
| Malling Promise | 6,7      | 5,6           |
| Norna           | 7,2      | 5,8           |
| Preussen        | 5,6      | 5,0           |
| Sygna           | 7,4      | 5,9           |
| Veten           | 7,3      | 5,9           |

## 12. Eple, hermetiske, totalinntrykk 1-10

|                    | Skrella<br>evakuert | Uskrella<br>evakuert | Uskrella<br>ikkje evakuert |
|--------------------|---------------------|----------------------|----------------------------|
| Bramley's Seedling | 7,2                 | 6,1                  | 6,1                        |
| Cox's Pomona       | 7,1                 | 6,2                  | 4,3                        |
| Gravenstein        | 7,3                 | 7,1                  | 6,1                        |
| James Grieve       | 7,8                 | 6,6                  | 5,5                        |
| -----              | -----               | -----                | -----                      |
| Middel             | 7,35                | 6,50                 | 5,50                       |
| Middel smaksspoeng | 7,25                | 6,88                 | 5,95                       |

## 13. Eple, most, smak 1-10

|              |     |
|--------------|-----|
| Cox's Pomona | 4,3 |
| Filippa      | 5,4 |
| Gravenstein  | 6,0 |
| James Grieve | 5,4 |
| Åkerø        | 6,1 |

## 14. Eple, prosent saftutbytte ved pressing

|                    | 1. år | 2. år |
|--------------------|-------|-------|
| Bramley's Seedling | 70,2  | 68,2  |
| Filippa            | 69,7  | 68,3  |
| Gravenstein        | 74,6  | 73,2  |
| Åkerø              | 70,5  | 77,1  |

15. Eple, effekt av grunnstamme og N-gjødsling på løyseleg N  
i saft mg/100 gram

|        | N0  | N1   | N2   |
|--------|-----|------|------|
| MM 106 | 7,9 | 12,5 | 17,4 |
| MM 111 | 7,5 | 10,6 | 13,9 |

## 16. Pærer, hermetiske, kultivarforsøk

## 17. Plommer, hermetiske

|          | Utsj  nад | Smak | Konsistens | Totalinntrykk |
|----------|-----------|------|------------|---------------|
| Althans  | 5,4       | 7,0  | 6,7        | 6,5           |
| Oullins  | 6,6       | 7,6  | 7,0        | 7,6           |
| Victoria | 6,2       | 7,1  | 7,1        | 7,1           |

13. Flommer, hermetiske og dessertfryste, smak, poeng 1-14

|                        | Fryste | Hermetiske |
|------------------------|--------|------------|
| Blue Rock              | 8,8    | 10,5       |
| Czar                   | 9,8    | 9,1        |
| Emma Leppermann        | 9,7    | 12,0       |
| Gul Eggeplomme         | 7,4    | 8,2        |
| Gul Herreplomme        | 9,0    | 11,1       |
| Hackmann               | 9,9    | 10,7       |
| Prosperity             | 8,0    | 9,6        |
| Oullins                | 9,9    | 10,9       |
| Reine Claude Noire     | 10,3   | 10,8       |
| River's Early Prolific | 7,1    | 9,9        |
| Shiro                  | 8,6    | 10,9       |
| Tragedy                | 9,1    | 9,9        |
| Victoria               | 8,4    | 8,2        |
| Wangenheim             | 10,0   | 10,9       |

19. Søtkirsebær, hermetiske, poeng for totalinntrykk

## Ljose kultivarar

|                    |     |
|--------------------|-----|
| Coe's Transparente | 7,8 |
| Holmabær           | 7,3 |
| Kvit Spansk        | 7,6 |

## Mørke kultivarar

|              |     |
|--------------|-----|
| Early Rivers | 7,2 |
| Kassin       | 6,7 |
| Maibær       | 8,1 |
| Werder       | 6,0 |

20. Søtkirsebær, dessertfrys, poeng for smak

| Tørre bær<br>utan sukker | I sukkerlake<br>500 gram/liter |
|--------------------------|--------------------------------|
|--------------------------|--------------------------------|

## Ljose kultivarar

|                  |     |     |
|------------------|-----|-----|
| Elton            | 7,8 | 8,8 |
| Frogmore Early   | 8,5 | 8,5 |
| Sigrid           | 7,4 | 8,7 |
| Stechmanns Bunte | 6,5 | 8,2 |
| Zuckerbunte      | 6,1 | 7,6 |

## Mørke kultivarar

|        |     |     |
|--------|-----|-----|
| Knauff | 8,2 | 8,5 |
| Maibær | 8,0 | 7,9 |
| Vernon | 8,7 | 8,4 |

21. Tyttebær, modningsgrader, sukker og syreinnhold  
i prosent av friskvekt

|                | Lite<br>modne | Middels<br>modne | Mykje<br>modne |
|----------------|---------------|------------------|----------------|
| Total sukker   | 6,1           | 7,4              | 7,8            |
| Titrerbar syre | 2,2           | 2,1              | 1,8            |

22. Appelsin, hermetisk saft, prosent attverande askorbinsyre  
yed\_uleike\_tørrstofffinnhald\_i\_safta\_og\_lik\_lagring-----

| Temp. °C | Månader | Tørrstoffprosent |    |    |    |
|----------|---------|------------------|----|----|----|
|          |         | 13               | 30 | 49 | 71 |
| 4,5      | 12      | 97               | 97 | 97 | 93 |
| 15,5     | 12      | 85               | 92 | 88 | 83 |
| 26,5     | 12      | 70               | 51 | 16 | 6  |
| 38,5     | 6       | 67               | 39 | 10 | 8  |
| 49,0     | 1       | 56               | 15 | 9  | 8  |

23. Hermetisk frukt, askorbinsyretap. Prosent attverande  
askorbinsyre.

|         | Lagringstid, mnd | Lagertemperatur °C |    |    |
|---------|------------------|--------------------|----|----|
|         |                  | 10                 | 18 | 27 |
| Aprikos | 12               | 96                 | 93 | 85 |
|         | 24               | 94                 | 90 | 56 |
| Fersken | 12               | 98                 | 85 | 72 |
|         | 24               | 98                 | 80 | 53 |
| Ananas  | 12               | 100                | 95 | 74 |
|         | 24               | 83                 | 78 | 53 |

